



13.10.2016

DIKTARSTIEN
i BOTNANE

etter

Jan-Magnus Bruheim

Diktarstien i Botnane – etter Jan-Magnus Bruheim

I Botnane, i Bremanger kommune, arbeider vi med å få til ein diktarsti etter diktaren Jan-Magnus Bruheim (1914-1988). Bruheim budde i skulehuset i Botnane frå 1978 til 1985, og 11 av dei 45 bøkene hans kom ut medan han var her. "Det var sju gode år", sa han om åra i Botnane.

Inspirert av Diktarstigen i Skjåk ser vi for oss ein diktarsti med 6-7 dikt plassert der han vart inspirert til å skrive desse dikta. Som til dømes "Tri grannar" på gravstaden og "Huset som talar" på skulehuset, som no er grendahus. Vi tenkjer oss stien som ei natur- og kulturløype, med innsmett av lokalhistorie. Jan-Magnus Bruheim var oppteken av historia vår og det å høyre til. Han skreiv mellom anna:

*Veit vi ikkje noko om det som har vore,
vil vi heller ikkje klårt kunne sjå det som er.*

*Veit vi ikkje kvar vi står,
veit vi heller ikkje kvar vi skal gå.*

Føremålet med Diktarstien er både å ha synlege minne om diktaren Jan-Magnus Bruheim og tida hans i Botnane, og å fremje Botnane-Årebrot som eit turområde både til fots, på sykkel, i bil og båt. Alle dikta vert lette å finne og nå fram til.

På Jørnjorda, rett nord om fiskeanlegget, er planen å få til ein raste- og parkeringsplass med dikt og informasjon om både Diktarstien og andre turstiar i området. Her vert det første møte med Diktarstien for dei som kjem nordfrå. Dei som kjem med båt til Villevika, på Årebrot, får informasjon om stien der.

Diktarstien er per dags dato kostnadsrekna til vel 500.000 kroner. Vi må få til eit spleislag mellom privatpersonar, lag og organisasjonar, offentlege- og private verksemder, og mykje dugnad. Per dags dato har vi samla inn omlag 100.000 kroner til stien.

Det er viktig for oss at stien skal vere i pakt med naturen i Botnane. Det er naturleg å bruke stein til det som skal vere varig, både fordi her er vêrhardt, og fordi det er nøgda å ta av. Difor kjem vi til å trenge hjelp av maskiner, som vi må betale for. Vi treng meir pengar og vonar mange vil vere med på å få til Diktarstien i Botnane. Kontonr: 3705 29 68802. Merk innbetalinga med "Diktarsti". Innsamlinga er i grendalaget sin regi og kontrollert av valt revisor. Planen er å opne diktarstien i august 2017.

Botnane 25. september 2016.

Beste helsing

Nina Seljestokken
leiar for Botnane og Årebrot grendalag

Magni Øvrebotten
initiativtakar

ILLUSTRASJONAR / SKISSE

i samarbeid med Magni Øvrebotten

B-A Vollstad

sivilarkitekt

Førde

DIKTARSTIEN
i BOTNANE

etter

Jan-Magnus Bruheim



OVERSIKT



JØRNJORDA

Hovedstopp med parkering og informasjon.
Rastepllass samt samlingsplass for bygda.

DIKTARSTIEN
i BOTNANE

etter

Jan-Magnus Bruheim



NORKART


© 2014 Norkart AS/Geovekst og kommunene/OpenStreetMap/NASA, Meti



5 m

- — — Tydeleggjering av grense mellom dyrka mark og bruksflate - Stein, vegetasjon el.l.
- — — Parkering / snuplass (ca. 350 – 400 kvm)
- Varde / infopost (samle informasjon / skilt)

- ~~~~~ Opprydding og skånsom gjenoppbygging av strandlinia
- ~~~~~ Område for delvis steinlegging av utegolv, og møblering med store, lokale steinar enkeltvis eller i grupper, for rast og fest
- Bålpllass (d=3-3,5 m)
- ↗ Steinar (symbolisk)



■ VARDE – Jørnjorda

Varde for samling av informasjon.
Format er sett til stående A2.
Gjerne utført i lilla stein.

Konstruksjon:

Mål tenkt mest ift. proporsjonar, meir enn eksakt størrelse.
Trengs truleg fundament og kjernesøyle i betong, mtp.
stabilitet, men dette kjem i stor grad an på steinen.

Jørnjorda – raste- og parkeringsplass

Jørnjorda heiter eit jordstykke rett nord om Firda settefisk i Botnane. Her er det alt fylt ut ein plass som er godt eigna både som parkeringsplass og rastepllass. Det manglar vi i bygda, og dei seinare åra har vi brent eit sams jonsokbål her. Vi ynskjer å legge til rette for at Jørnjorda kan vere ein samlingsstad for bygda ved slike høve.

For dei som kjem fylkesveg 577 nordfrå vert dette det første møte med Diktarstien. Det er naturleg å stogge her for å gå turar i området, då det er god plass til bilar og fin utsikt over Pollen. Vi vil oppmøde folk om å sette frå seg bilane her og gå resten av Diktarstien. Jørnjorda er ein godt eigna stad for informasjon om både Diktarstien, andre merka turstiane i bygda og meir kunnskap om Botnane og Årebrot. Vi ser føre oss ein varde med dikt og informasjon og tre båtliknande steinar til å raste på. Mellom parkeringsplassen og jordstykket tenker vi oss ein låg murkant.

Frå Jørnjorda ser vi også grendahuset der Jan-Magnus Bruheim budde dei sju åra han var i Botnane. Han gjekk mykje i området kring Jørnjorda og såg på fuglar og anna liv i fjøra. Her er framleis mykje sjøfugl, mellom anna hegre og tjeld. Såleis høver barnediktet "Tjelden" godt her, saman med "Haustkveld ved havet", som Sigrid Moldestad har med på CD-en "Brevet til kjærleiken".



MOT NORDVEST
dagens situasjon



MOT NORDAUST
dagens situasjon

bålpass

steinmøblering

strandline som skal restaurerast

mur som skal restaurerast

Dikt på Jørnjorda:

TJELDEN

Helst ruslar eg utmed sjøen
ein stille soleglad-kveld.
Der har eg ein ven å vitja.
Og venen – det er ein tjeld.

I svart og kvitt er han fjørkledd
der han står still på sin stein.
Og skir og raud er han farga
både på nebb og bein.

Visst er eg vel ven med honom,
men ikkje han med meg,
for kvar gong eg nærmar meg varsamt,
støkk han og flyg sin veg.

Spegelbiletet i sjøen
blagrar og fylgjer med
heilt ut til Floteholmen
der han set seg ned.

Men eg står på same flekken –
Kan liksom ikkje gå,
for eg står der og tenkjer på noko
eg ofte har undrast på:

Om alle dei skye og redde
visste vi hadde dei kjær,
skal tru om dei ville røme
så snart som vi kom dei nær?

HAUSTKVELD VED HAVET

Ei eldraud kveldssol sig i hav
og her, i avdagselden
kan hjarta gløyme krav og kav
og kvile ut i kvelden.

Ei furu står i skrinne jord.
Det susar lint i baret.
Småbåror kviskrar løynde ord
til bløretang og tare.

Dei bårene som går mot land
og syng si same salme,
dei rullar òg mot framand strand
med mandeltre og palme.

Det ropar røyster i meg: Kom
til andre land og lende!
Men kjenner milde hender, som
dreg tanken stilt attende.

Langt ute høyrest bylgjebrot.
Sjøfuglen ber seg ille,
med draumen ror sin halve båt
mot natt og skymingsstille.

SKULEHUSET / GRENDAHUSET

Jan-Magnus Bruheim sin bustad i Botnane.
Sted for informasjon om Bruheim sitt liv m.m.

DIKTARSTIEN
i BOTNANE

etter

Jan-Magnus Bruheim


Skulehus / grendahuset – der Bruheim budde

Skulehuset i Botnane vart teke i bruk i 1927. Det hadde lærarbustad i den nøre delen og skulestove i den søre. I kjellaren var det forsamlingslokale. Det er ved inngangen der vi ser for oss dikt- og informasjonstavle, der vi og fortel om skulehuset si historie.

Botnane hadde eigen skule til 1975. Etter at den vart lagt ned har huset vore brukt som grendahus og bustad. Bygdefolket har pussa opp både forsamlingslokalet og lærarbustaden på dugnad, og bustaden er til utleige.

Bruheim budde her på eitt rom og kjøken, frå 1978 til 1985. Inspirert av huset skreiv han diktet "Huset som talar".

I september 2013 budde og spelte Sigrid Moldestad og musikarane hennar inn CD-en "Brevet til kjærleiken" her. Dei tok også i bruk trørgelet som Jan-Magnus Bruheim spanderte på bygda. 14.06.14 kom det vel 400 menneske til konserten med Sigrid Moldestad. Det var Botnane si markering av 100-årsjubileet for Bruheim.



Dikt ved Skulehuset:

DEN ANNSAME

Han har ikkje stund til å stogge
og ikkje tid til å sjå.
Menneske som han møter,
dei ansar han aldri på.

Mangt har han å rekkje over.
Det gjeld um å fara fort.
Mykje var det å gjera.
Det auka dess meir han fekk gjort.

Så lid det til endes med dagen.
Han står der, studd over stav
og spør: Kva har livet gjeve
og kvar er det vorte av?

Slik jaga han gjennom livet
utan å få det fatt.
Ei glede sprang etter vegen,
men nådde han aldri att.

HUSET SOM TALAR

I det forletne skulehuset
langt mot vest,
der kan du tru det lever mangt!
Det knett og knest

når lynet gneistrar
gjennom natta,
stormen riv,
når regnet skvalar
og når røket driv –

Når sjøen båreblunkar,
ligg der still og glitrar
og sjøfugl skrik
og småfugl kved og kvitrap

og sola skin
og milde vindar svalar,
då kan du sitja her
og høyre huset talar!

Om du sit draumestill
og lyder vèl,
du høyrer at det
talar og fortel.

Det står og minnest
alt som var ein gong,
og kallar fram att
leik og lått og song

Ein ôm av røyster –
Lette barnesteg.
Dei opnar dører
og kjem inn til deg.

Du høyrer borna
leikar seg og spring.
Men når du skal sjå-til,
ser du ingen ting.

Rart vart det visst her
då dei siste fór.
Men huset står åleine att
og gøymer spor - -

Tru kvar dei vart av, alle?
Dei fór kvar si lei.
Lell er det som om noko
er att her etter dei.


“BOKSET”

EIN STAD Å BYKSE OVER ELVA.
BARNEFOT I STEIN.

DIKTARSTIEN
i BOTNANE

etter

Jan-Magnus Bruheim




Bokset

Diktet "Fotefår i stein" er inspirert av ein stein i utmarka bak grendahuset. Steinen har eit merke som ser ut som avtrykket av ein barnefot, og har fasinert generasjonar av store og små.

Heile området vert kalla Lægene og er gammalt beiteland. I dag er det hjorten som held stiane opne. Steinene ligg i nærleiken av ein stad vi kallar "Bokset". Der kan vi bykse på steinar over Søre elva, om vi til dømes skal på tur til Middagsnova. Grendalaget har også planar om å merke ein sti over Åsen, mellom Søre- og Nøre vatnet, som kan auke merksemda kring denne steinen, som mange i dag ikkje kjenner til.

Bilete av Jan-Magnus Bruheim og fotefåret er ei faksimile frå Sogn og Fjordane Magasin i 1985, teke av Åsmund Berthelsen i høve eit intervju med Bruheim. "Fotefår i stein" og Flôtholmen er dei einaste punkta på Diktarstien som vi berre kan ta oss fram til på føttene, elles kan vi køyre til dei andre.



Dikt ved Bokset:

FOTEFÂR I STEIN

Fâr av ein
barnefot –
så klår og rein,
står teikna i
den harde,
gråe Stein.

Kven kunne tru
ein liten
barnefot,
kan setja merke
i det
harde grjot?

Trylt står du
der og ser
det vesle spor
og undrast:
Kva blir att
av alt som
kom og fór?

Der fåret av ein
tyngre fot
aldri ville te,
jamt kan
ei mindre tyngd
sitt merke
setja ned.

FLÔTHOLMEN

Flod og fjøre.
Ei øy som kjem og går.

DIKTARSTIEN
i BOTNANE


etter

Jan-Magnus Bruheim



- Eksisterande kraftlinestolpe
- ↔ Personbil (snuplass / parkering)
- Varde / infopost (samle info / skilt)

- ~~~~ Etablering av sti(ar) med bruk av lokal stein m.m.
Trasé vil kunne avvike noko, avklarast med grunneigar
- - - Tilkomst til Flôtholmen ved fjøre sjø



■ VARDE – Flôtholmen

Varde for markering av stoppestaden.
Plassering på eksisterande stein.
Gjerne utført i lilla stein.

Konstruksjon:
Mål tenkt mest ift. proporsjonar, meir enn eksakt størrelse.
Trengs truleg eit godt tilpassa fundament i betong, mtp
stabilitet, men dette kjem i stor grad an på steinen.
Størrelse på varde må vurderast nærare på staden,
både ift. sikt frå veg og nærleik til kraftmast.

“Øyi mi” – Flôtholmen

Jan-Magnus Bruheim kalla Flôtholmen for “Øyi mi” fordi han sat der mykje og tenkte og opplevde stilla. Det var før det kom veg til bygda, og før det vart bygt eit fiskeanlegg like ved.

Det er lett å gå ut til Flôtholmen på fjøre sjø, men gløymer du deg vekk frå det, og holmen er ikkje landfast lenger. Det er ei lun og fin fjøre i bukta mellom holmen og fastlandet, med mykje sand og store blåskjel. Flott å leike i for ungar på fjøre sjø.

I dag er Flôtholmen nesten overgrodd av grantre som vart planta der på 1960-talet. Planen er å ta vekk ein del av grantrea slik at det går an å gå rundt holmen.

Skiltet med diktet “Ved fjøre sjø” vil vi ha på ein Stein på sjølve Flôtholmen. Men vi har tenkt å ta det med på informasjonsskiltet nærmare vegen, av omsyn til dei som ikkje kan gå ned. Som de ser på skissa hadde vi tenkt ein varde ved vegen, men etter råd frå Berit Gjerland, på fylkeskulturkontoret, har vi teke vekk den. Rådet hennar er å bruke ein eigna stein til informasjonsskiltet. På skissa er råsa ned til Flôtholmen tenkt steinlagt, men der er rådet frå Gjerland å legge duk og grus i staden. Det vert både reversibelt, billegare og mindre arbeidskrevjande.



Slik såg Flôtholmen ut i 1988. Arne Øvrebotten tok dette biletet på oppmøding frå Bruheim, som sakna “Øyi mi” og ynskte seg eit bilet av ho.

MOT SØRVEST
fotomontasje



MOT NORDAUST
dagens situasjon

utsyn fra kvilestein

sti til overgang

Dikt ved Flôtholmen:

VED FJØRE SJØ

Ved fjøre sjø
er denne øyi landfast
og du kan nå
dei andre um du vil.
Du høyrer båreskval.
Ei terne flyg med bråkast.
I vårblå luft ei lerke
bivrar – vengestill.

Hit fann du ut.
Til stilla etter larmen.
Men enno tykkjest
all ting berre drøynt.
Og båreskvalar
enno bryt i barmen.
Alt ber du enno med deg.
Ingen ting er gløynt.

Forhekxa sit du her.
I draumar bunden,
med lengten gnagsår
slit i sine band.
Forseint du varest
der du stig or draumen:
Ikking har sjøen flødd
og du er løyst frå land.

KAIA

Knutepunkt for folk og fe, post og anna.
Stad for samferdslehistorie og poesi.

DIKTARSTIEN
i BOTNANE

etter

Jan-Magnus Bruheim



Bilete, henta frå Fylkesarkivet, er teke sist på 1960-talet då innløpet til Botnane vart mudra for at ferja skulle kunne gå inn til kaia. Då måtte ekspeditøren, Ragnvald Sørbotten, borde MS "Hennøy" med mjølkespann og reisande. Her er kommune- og fylkestingspolitikar Abraham Øvrebotten på veg heim til Botnane. Ved rekka står matros Leiv Sunnarvik, i motorbåten med mjølkespanna Ragnvald Sørbotten og Anders Sørbotten. I færingen på utsida Orvald Sletten. Før bygda fekk båt-samband med MS Hennøy var det mjølkeruta Skjolden som gjekk frå Gulefjordane til Florø. Den byrja å gå sist på 1940-talet. Før den tid var bording som dette det vanlege.

Kaia i Botnane

Her venta vi på ferja, såg kven som reiste og kom, sende mjølk og dyr, køyrdé bilane på sliskar, hørde nytt og henta og leverte post. Jan-Magnus Bruheim var der ofte. Han var storkunde for Postverket. Det kom haugevis med pakkar, brev og aviser til han, og han sende mykje post.

Her ser eg føre meg eit avlangt skilt på langveggen på kaiskuret. Med dikt, historikk og bilete. Ei kortfatta samferdslesoge for Botnane, og informasjon om diktarstien for dei som måtte kome sjøvegen hit.

Når Jan-Magnus Bruheim var på kaia gjekk han ofte langsmed kaikanten og såg ned i sjøen. Kva han såg ser vi att i mellom anna diktet «Still sjø».



Foto: Are Fjellestad



Dikt på kaia:

STILL SJØ

Når sjøen ligg svartblank
og spegelstill,
kan du sjå ned i djupet
dei løynde understraumar
går inn og inn.
Kjemmer og kjemmer over
skogar av grønske
og tang og tare.
Dei bøygjer seg unna
som for ein usynleg vind.

GRAVSTADEN

Bygda si historiebok.

Ein minnestad.

DIKTARSTIEN
i BOTNANE

etter

Jan-Magnus Bruheim



Gravstaden og "Tri grannar"

Gravstaden vart teken i bruk i 1900 og Jan-Magnus såg på den som bygda si historiebok. I hans tid i Botnane var det mange som kunne fortelje levande om dei som var gravlagde der, og om ulukker og omkomne på sjøen. Botnane er ein stad der havet har teke mange liv.

Diktet "Tri grannar" er skrive i 1983. Det skildrar skikken med at bygdefolk grov grava når nokon i bygda døydde. Slik var skikken før gravemaskina tok over slikt arbeid.

På bileta ser vi klokketårnet og inngangspartiet til gravstaden. Den søre veggen i porten eignar seg best til diktet. Der er det godt synleg både innan- og utanfrå.



Dikt på gravstaden:

TRI GRANNAR

Tri grannar står der
og grep ei grav.
Men teier med det dei tenkjer:
Så snøgt kan livstråden
slitna av.

Det kjennest som noko
av grendi er burte
med han som tok ut
på den siste ror.
Alt står her og talar
stille i togni
um han som fór.

Skodda heng lågt over lendet.
Regn dryp og bårone vaskar.
Hausten er kringum, og vinden
susar i fallande lauv.
Alt er det same
i stilt og stridt.

No er dei ferdige – grannane.
Står der ei stund
ved den opne gravi.
Teliande og med bøygde hovud.

Så går kvar heim til sitt –

B-A Vollstad

sivilarkitekt

Førde

+47 971 40 250

Bjørn-Are Vollstad

Rennekleiva 17

6812 Førde